


HISTORIELAG



Brua ved Vandevært.

BRUA OVER ROHØLEN:

Bak dette byggverket står truleg ein bygdesnekkar frå Åmotsgrenda som levde midt på 1800-talet. Bildet blei trykt i Skilling-Magazin i 1866. Teksta til bildet seier mellom anna:


"Vel en Mils vej vestenfor den bekjedte Hiterdals Kirke, ved Gaarden Landsverk i Sauland, findes et andet Bygverk, som skjønt uanseeligere i sit Slags vist er lige mærkeligt som Kirken."

Ein kan enda sjå bru-kara i Rohølen ovanfor Omnesfossen.

Bildet er trykt i to ulike lokalaviser i seinare tid. Desse utklippa har vi. Der er det ein del fleire opplysningar om denne brua. Det kan også vere interessant å kombinere dette bildet med det som Alf Mostue skriv i historia om Løvheim Hotell. (Denne finst også i historielagssamlinga)

MEDLEMSBLAD FOR HJARTDAL HISTORIELAG

Dette er eit forsøk på å vise at Hjartdal Historielag er til, og at vi er interessert i å halde medlemmene samman i interessa for fortida til bygdene våre. Vi kan ikkje love at bladet skal komme ofte og regelmessig, men jo større interesse medlemmene viser jo større sjanse er det for at bladet skal komme og vekse. Eit så enkelt skrift som dette er det viktig at du er med på å gje eit innhald slik at det kan få verdi både fagleg og som kontaktorgan mellom medlemmene i HHL. Vi ser gjerne at alle som har noko å fortelje om tidlegare tider skriv det ned og sender det til styret. Dersom det passar, kan vi så trykke det i neste medlemsblad. Vi stiller ikkje store kvalitettskrav. Vi treng ikkje lange og stilreine framstillingar. Det vi ønskjer er bredde og mengde. Derfor pennen eller skrivemaskinen fatt. Dersom du har noko på hjartet, men vil sleppe å skrive, så får du kontakte sekretæren i laget, så skal vi nok greie å få det ned på papiret og bevare det for ettertida. (Ring 23011 dersom du er interessert)



LAGET ER I GANG

HHL har hatt eit styremøte etter årsmøtet i vår. Ei hovudsak var konstitueringa av styret. Resultatet blei slik:

Formann:	Kjetil Fosse
Nestformann:	Jon Bøen
Kasserar:	Hans Skeie
Sekretær:	Leif Skoje
Styremedlem:	Ingunn Hovde
Styremedlem:	Ivar Dahl
Vara:	Astrid Espelid
Vara:	Anne Tone Larsen

Elles vart vi enige om å satse på vidare inn-samling av historisk stoff om Hjartdalsbyg-dene. Slik at vi etterkvart kan ha ei samling på folkebiblioteket der medlemmene kan finne slikt stoff utan å måtte leite eller bestille gjennom andre bibliotek. Mykje av dette er ting som må kopierast og bindast inn. Dette trengst det dugnadshjelp til. Er du interessert i å vere med på slikt arbeid så berre meld deg. Vi har også søkt stønad til dette på ulike stader, og det ser ut til at vi etterkvart får pengar til å gjøre innkjøp til denne samlingen. Så får vi berre håpe at interessa er stor nok til at samlingen blir bruka.

"HEIMEN"

Da HHL melde seg inn i Landslaget for lokalhistorie, blei laget samtidig abbonnent på det lokalhistoriske tidsskriftet "Heimen". Dette bladet er til låns for medlemmene. Det inneholder faglege artiklar, bokomtaler mv. og kan anbefalast alle lokalhistorisk interesserte. Det kjem fire nummer i året. Nr.1 1990 tar for seg forholdet mellom arbeidarrørs historie og annan lokalhistorie. Rjukan og Notodden er aktuelle stader i dette nummeret av bladet.

FRÅ SKRIFTSAMLINGA TIL HHL:

I skåpet til historielaget i andre etasje på Hjartdal Folkebibliotek finn du litt av kvart. For eksempel:

-Bernhard Dunker: "Reise til Tellemarken og til Arendal sommeren 1852"

Vi har kopi av dei delane av boka som handlar om B.D. sitt opphold i Hjartdal. Han budde nokre dagar på prestegarden hos soknepresten S. H. Finckenhagen. Samtidig var den kjende kunstmålaren og kvinnesaksvinna Aasta Hansteen gjest i prestegarden.

Dunker skildrar mykje av bygda og folket, mellom anna ein tur for å sjå Risvoldloftet. Elles er han minst like opptatt av å sjå på jentene i bygda som på natur og kultur. Han er særleg opptatt av prestedottera Lise og hennar kunnskap om viser og annan folkekunst.

-Løvheim Hotell 1877-1977. Hundre år i turismens tjeneste

Dette jubileumsskriftet som er utarbeidd av Alf Mostue, tar for seg hotellets historie, men også mykje anna som har med samferdsela i bygdene å gjere. Det er samla mykje kunnskap på desse ti tett-skrevne sidene. Heftet kan anbefalast også til den som er heilt utan kunnskap om bygdehistoria. Det er ei fin innføring i "faget".



-Stadnamninnssamling av norske skuleborn i 1930-åra

Dette er ei samling som blei gjennomført av 7-klassingar? rundt i heile landet. Folk i 50-70-års-årsalderen hugsar kanskje at dei var med på dette. HHL skaffar seg nå kopiar av denne samlinga. Her er lister over heilt lokale namn innan kvar gard/eigedom i bygdene. Dessverre er ikkje namna plasserte på kart. Dei er bare ført opp på ei liste under den eigedommenen dei tilhører. Det kan vere namn på

åkrar, jorde, vegar, stular mv. Etter det vi kan sjå, er det mange av namna som ikkje lenger er i bruk. Men truleg vil eldre lokalkjente personar komme på kvar namna hører til når dei ser dei på listene. Vi ser gjerne at folk tek for seg dei sidene som dei kjenner og prøver å få namna ned på økonomisk kartverk. Dette skal gjerast etter eit visst system. Kontakt kulturkontoret for instruksjon i dette.

GAMLE SKULEBØKER

Frå Anne Haugen Wagn har vi motteke 30-40 gamle skulebøker. Den eldste er ei salmebok frå 1836. Eit anna interessant bind er ei bibelhistorie av den kjende hjartdølen Knud Gislesen. Han var biskop, men også ein kjend skulemann på 1800-talet. Mellom anna var han styrar av seminaret (lærarskulen) i Asker. Desse bøkene har tidlegare tilhørt Hjartsjø/Lonar-skulen. Denne er nå ein del av Kåsa Hyttepark.

HHL vil prøve å skaffe fleire gamle lærebøker og på denne måten få ei oversiktleg og registrert samling av skulebøker.

BØKER FRÅ OKKUPASJONSTIDA

I denne samlinga finst det også nokre få av dei bøkene som skulle brukast i skulen under krigen. Dette er bøker som "Nasjonal Samling" og dei tyskvenlege styresmaktene skulle bruke i nazifiseringa av det norske samfunnet. Mesteparten av desse bøkene vart truleg brende i seiersrusen i 1945. Dermed er dei nokså skjeldne i dag, og den historiske interessa til bøkene blir stor. Vi kan nemne at ein del av "Min Kamp" (Mein Kampf) av Adolf Hitler finst i samlinga. Det gjer også eit par bøker som gjer stor ære på Vidkun Quisling.

HISTORISKE RUSLETURAR

Det er populære tiltak i mange historielag å arrangere spaserturar i lokale område som har noko av historisk interesse. Slike område skulle det vere nok av her i bygdene. Dersom du har gode forslag, så sei gjerne i frå til nokon i styret. Da kan det bli aktuelt å legge opp til ein slik tur på sommaren eller hausten. Ein bør ha lokalkjende folk med kunnskap om ruta med seg, men det skal ikkje så mykje til før utbytet av turen blir bra. Ofte vil deltakarane på slike turar kunne bidra med eigne opplysningar i løpet av turen. Eit område som kan vere interessant i denne sammenhengen er Tuddalsvegane frå Bøe-grenda i Sauland og eit godt stykke oppover. Her ligg det tre vegar av ulik

alder ved sida av kvarandre. I tillegg viser området mykje av den tidlegare busetnadsstrukturen i bygda frå den gongen husmannsvesenet var mest utbreidd. I tillegg til den historiske interessa, er dette ein passe lang og fin rusletur i seg sjølv.



Hjartdal Kommune står bladet ved at vi får kopiere gratis. Vi seier også takk for tilskot til skåp og arkivmateriell i 1989.

Hjartdal Sparebank står laget ved å løye 1000 kroner av 1989-budsjettet til kjøp av lokalhistorisk litteratur. Vi seier mange takk for dette.

Teikningane på side 2 og side 4 er laga av Johannes Dalen.

VERV MEDLEMMER !!!

